

VANLEGE SPØRSMÅL TIL TUREN PÅ STORE SKAGASTØLSTIND:

Om form og forutsetningar for turen:

Mange som vurderer denne turen lurer på om dei er i god nok form til å klare det. Det er vanskelig for oss å sei noko om dette, fordi alle begrep ein brukar omkring det er svært subjektive. Det me kan sei generelt, er at det er ein svært lang og hard tur, både fysisk og mentalt, så ein må være i god form. I tillegg må ein være godt fjellvant, dvs være vant til å bevege seg på lange turar i stein og i ur. På denne turen har det mykje å sei korleis ein set føtene.

Det er 1500 høgdemeter til toppen, noko som tilsvarer turen til Galdhøpiggen fra Spiterstulen, men i tillegg er det i terrenget som er vanskeleg og utmattande å bevege seg i, mesteparten ikkje på sti. Om ein har gått turen t/r Galdhøpiggen fra Spiterstulen på ca 5 timer, kan dette være ein indikator på at turen til Storen skal gå greit – men den tek altså normalt 12-14 timer i effektivt tempo som føringstur.

Om du er i tvil om du er i stand til å klare turen, er det fint å gå saman med nokon du kjenner, eller åleine slik at stress i høve til andre sine forventningar til turen ikkje vert eit problem. Den beste førebuinga er å prøve seg på ein annan, mindre krevjande klatreføring fyrst, vi anbefaler Store Austabotntind eller Skeie i sm;rstabbmassivet.

Når er det best å gå?

Me får ofte spørsmål om når på sesongen det er best å gå turar i Hurrungane. Det er ei utbredt oppfatning at det er best å gå i august, men me er ikkje enige i dette. Det vil alltid være ein risiko for å få dårlig vær en gitt dag i løpet av perioden fra slutten av mai til byrjinga av september (som me anser som sesongen for sommerføring på Store Skagastølstind), men vår erfaring tilseier ikkje at det alt i alt er betre vær eller forhold i august enn i juli. Den faktoren ein kan forutsei mest om, er snøforholda, og den faktoren har ulike konsekvensar for de ulike turene i området. I starten av sesongen (dei siste årene har det vore fram til omkring midten av juli) ligg det att ein del snø fra vinteren. Dette er en fordel fordi det letter en del av passasjane i vanskeleg (men ikkje vertikalt) terrenget. På dei vertikale klatrepasasjane vil vintersnøen uansett ha smelta tilstrekkeleg til å ikkje skape problem. Nysnø derimot, som kjem fleire gonger i løpet av sommaren (men smeltar forholdsvis raskt att), kan skape problem om den kjem i kombinasjon med andre uheldige væromstende. Det at dei fleste trur det er best å gå i august, gir imidlertid ein annan fordel i juli, nemlig at det er færre andre folk på fjellet. Noko av det som skapar størst risiko på ein slik tur som Storen (f.eks. i forhold til steinsprang og kjøproblematikk), er at det er andre som klatrar framfor eller rappellerer ned bak. I høysesongen i august kan det være meir enn 50 personer i private taulag på toppen av Storen på ein dag!

Korleis foregår påmelding/bestilling?

Du/de reserverer fører(e) for den dagen de ynskjer, og betalar eit depositum på kr 1800 (pr fører) . Norgesguidene sender ut en depositumsfaktura når dehar bestilt, og reservasjonen er bindande frå Norgesguidenes si side når depositum er betalt. Sjå under "Kontakt & Påmelding" på våre nettsider for nærare informasjon om dette. Obs: Om ein ynskjer å ta innføringskurs klatring, må dette bestillast saman med turen.

Det beste for oss, er om ein tek kontakt via e-post, men me er stort sett alltid tilgjengelege på telefon og. For bestilling treng me navn, mobilnummer, postadresse og e-postadresse til alle deltakarane.



Kva treng ein av utstyr?

Turdeltakarane sørgar sjølv for sitt personlege fjellturutstyr, dvs sekk, sko og klede som tek høgde for at forholdene på Storen kan være vinterlege sjølv midt på sommaren. Sekken bør være på ca 40 liter, hugs at du får utdelt tau, sele og hjelm (+evnt stegjern og isøks) i tillegg til det du har med deg.

Drikke: minimum 2 liter. Mat: stor matpakke!

Norgesguidene held alt bre- og klatreteknisk utstyr, dette er inkludert i prisen. Om du har eige utstyr, som stegjern, isøks, hjelm og klatresele, er du naturlegvis velkommen til å ta med dette, så kan du sjå på det saman med føraren, og vurdere kva du ynskjer å bruke.

Hvor og når er oppmøte?

Norgesguidene sine førarar bur på Turtagrø gjennom heile sommaren, og om ikkje anna er avtala, møter ein føraren kl 19 i resepsjonen på hotellet, og får utdelt utstyr og snakkar om turen og praktiske ting rundt gjennomføringa. Om ein skal ha innføringskurs, startar dette normalt ca klokka 13 dagen før tur, og det er berre å henvende seg i resepsjonen på Turtagrø ved ankomst, så er føraren i nærleiken.

Sjølve turen starter normalt ca kl fem om morgonen fra Turtagrø, med felles frokost halv fem om ein bur på hotellet. På dager der me veit at det blir mange private taulag kan det være start enda tidlegare.

Angående tidsbruk:

2 – 3 timer til Bandet, 3 - 5 timer frå Bandet til toppen, 4 - 5 timer ned att til Turtagrø (pauser ikke inkl).

Dette inneber at me vanlegvis brukar 10-14 timer på turen (oftare 14 enn 10).

Kan ein gå eit stykkje innover dagen før turen?

Om ein ynskjer å spare krefter til toppbestigninga med å gjere unna nokon av høgdemeterane dagen før turen, er det ei moglegheit å gå inn til Hytta på Bandet (ca 1760 m.o.h.), og ligge i telt der. Dette er to-tre timar fra Turtagrø, og ca 850 av de 1500 høgdemeterane til toppen.

Men: Mange som har valgt dette, har enda opp med å sove dårleg, og faktisk ha færre krefter til turen dagen etter. Hytta på Bandet ligg ganske vindutsatt, og om ein vel denne løysningaen, skal ein sørge for å være der såpass tidleg at det er god tid til å få slappa av og sove skikkeleg om natta (dvs gå fra Turtagrø ved to-/tre-tiden om ettermiddagen). Denne moglegheita er og avhengig av forholda på Skagastølsbreen. Om det er isete og mykje smelta på breen, kan det hende ein ikkje kan gå på eiga hand utan førar.

Norgesguidene sin generelle anbefaling er ikkje å gå til Hytta på Bandet dagen før.

Ang avlysning/snutur pga vær og føre:

Om førarane kan sjå dagen før tur eller om morgonen før turstart at det vil vere lite sannsynleg å kunne gå den planlagde turen, informerer dei om dette, og foreslår ein anna klatreføring taulaget kan gå. Taulaget må då bli enige seg imellom og med føraren om kva dei vil gjere, og ein betalar for den turen som blir gått (f eks Store Austabotntind -) Om ein ikkje ynskjer å benytte tilbodet om ein alternativ tur, betalar ein halvparten av avtala fullpris for Storen

